

Fellesmøte Sykkylven sokneråd og Ikornnes sokneråd

Felles møte med Sykkylven sokneråd og Ikornnes sokneråd 13. juni 2017

Stad: Sykkylven kyrkje, kl. 19.30

Til stades: Erlend Lunde, Trygve Ebbesvik, Per Gunnar Ulla, Ina Grøvik, Irene Høybakk, Anne Rita Kvistad, May Lisbeth Hovlid Aurdal, Liv Hole, Bjørg Djupvik Grebstad, Janne Svindseth, Monica Breivik Orre og Knut Henning Aursnes.

Elin Hellebostad Våtmyr og Torbjørn Støylen hadde meldt fråfall.

I tillegg møtte Arild Sporsheim og Katrine Numme.

Møtet vart opna med ord til ettertanke og bønn av soknerådsleiar for Sykkylven sokneråd, May Lisbeth Hovlid Aurdal.

Deretter gjekk sokneråda over til handsaming av sakene på saklista.

F-sak 4/17 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak: Innkalling og sakliste vart einstemmig godkjent.

F-sak 5/17 Referat frå felles møte 02.05.17

Vedtak: Referatet vart einstemmig godkjent.

F-sak 6/17 Ny dåpsliturgi

Sokneprest Erlend Lunde la fram forslag til ny dåpsliturgi, som skal vere innført innan 1. september 2017.

Sokneråda si oppgåve er å avgjere følgjande, og sokneråda gjorde følgjande

Vedtak:

1) Dåpslys:

Det har vore ein lang tradisjon med dåpslys i sokna, og sokneråda vel å vidareføre denne tradisjonen. Dåpslyset vert flytta til alteret.


2) Når i gudstenesta det fulle namnet til dåpsborna første gong skal nemnast:
Sokneråda avgjorde at det fulle namnet til dåpsborna skal nemnast i kunngjeringane.

3) Kor mange dåpsborn det kan vere i kvar gudsteneste:

Sokneråda vidarefører praksisen med at det ikkje er noko øvre tak på kor mange dåpsborn det kan vere i kvar gudsteneste.

4) Plassering av dåp i gudstenesta:

Sokneråda vidarefører praksisen med at dåpen vert halden i starten av gudstenesta.



Fellesmøte Sykkylven sokneråd og Ikornnes sokneråd

Soknepresten gjekk gjennom forslaget til ny dåpsliturgi og hørte på sokneråda sine synspunkt.

Vedtak:

- *Sokneråda rår spesielt til at Joh. 3,16 vert lese ved dåpen.*
- *Under bøn og lovprising rår sokneråda til at bøn alternativ A vert lesen.*
- *Sokneråda rår også til at bøn for dåpsborna vert tatt med under forbøna.*
- *Sokneråda ber om at soknepresten og kyrkjevevjen gjer den nye dåpsliturgien og budskapen om dåpen kjent på kyrkja si heimeside, i sosiale media og i Sykkylvsbladet.*

Soknepresten var takksam for synspunkta, og tok dei med seg vidare i arbeidet med utarbeiding av den endelege dåpsliturgien.

F-sak 7/17 Konfirmantopplegg

I visitasmeldinga stod det mellom anna at vi har eit komprimert konfirmantopplegg. Vidare at sokneråda vil evaluere konfirmantopplegget før hausten 2017 i forhold til anslått omfang på 60 timar og at det skal skje i ramma av kyrkjelyden sitt fellesskap.

Katrine Numme hadde fått i oppgåve å utarbeide eit forslag til nytt konfirmantopplegg, som ho gjekk gjennom saman med sokneråda.

Sokneråda diskuterte og kom med innspel til forslaget til konfirmantopplegget.

Vedtak: Sokneråda var godt nøgd med forslaget til nytt konfirmantopplegg. Sokneråda ber om at innspela frå sokneråda vert tatt med vidare i konfirmantopplegget og at Katrine Numme utarbeider ein endeleg plan for konfirmantopplegget som skal leggjast fram i neste felles fellesrådsmøte for godkjenning, og vidaresending til biskopen for endeleg godkjenning.

F-sak 8/17 Nytt felles soknerådsmøte:

Vedtak: Nytt felles soknerådsmøte (fellesrådsmøte) vert den 3. oktober 2017.

Orienteringar:

Den første gudstenesta som vert halden av den nye soknepresten i Sykkylven, Simen Elias Nordbrønn Myklebust, vert truleg den 20. august 2017.

Referent: Knut Henning Aursnes